

# **Detaljregulering for Bykset på Bryggja, Stad kommune**

**Oppdragsgiver**

ATJ holding AS

**Oppdrag**

Detaljregulering

**Rapport type**

Planprogram

**Prosjekt nr.**

20088

**Dato**

20.02.23



## Stad kommune | Planprogram detaljregulering Bykset

<b>Innhold:</b>	<b>side</b>
<b>1 Innleiing</b>	<b>3</b>
1.1 Forord	3
1.2 Formål med planprogram og prosjektet	3
1.2.1 Planprogram	3
1.2.2 Prosjektmål	4
1.3 Rammer for planarbeidet	4
1.3.1 Lovgrunnlag	4
1.3.2 Kommunale og regionale føringer	4
1.3.3 Statlege retningslinjer	4
1.3.4 Krav til prosess	5
1.4 Organisering av planprosess	5
1.4.1 Arbeidsopplegg	5
1.4.2 Medverknad og informasjon	5
1.4.3 Framdriftsplan	5
<b>2 Overordna planar og føringer</b>	<b>6</b>
2.1 Lokalisering av planområdet	6
2.2 Grunnlag for detaljreguleringsplanen	8
2.2.1 Arealplanar	8
<b>3 Dagens situasjon</b>	<b>10</b>
3.1 Eksisterande bruk av planområdet	10
3.2 Landskap og topografi	11
3.3 Naturmangfold	11
3.3.1 Friluftslivstrandsoner	11
3.4 Kulturminne og kulturmiljø	11
<b>4 Framtidig bruk</b>	<b>12</b>
4.1 Reguleringsformål	12
4.2 Tankar for utviklinga	12
<b>5 Konsekvensar for miljø og samfunn</b>	<b>15</b>
5.1 Metode og omfang	15
5.1.1 Metode	15
5.1.2 Omfang	15
5.2 Aktuelle tema for det vidare planarbeidet	15
5.2.1 Landskap	15
5.2.2 Friluftslivstrandsoner	16
5.2.3 Naturmangfold	16
5.2.4 Andre utgreiingar	16
5.2.5 Risiko- og sårbarheit	16
<b>6 Utgreiingsprogram</b>	<b>20</b>
6.1 Utgreiingsbehov	20

# 1 Innleiing

Plannamn: Detaljregulering for Bykset på Bryggja

Krav til innhaldet i planprogram og melding med forslag til utredningsprogram, går fram av konsekvensutredningsforskriften § 14, sitat :

*Et planprogram og en melding med forslag til utredningsprogram skal inneholde en beskrivelse av:*

- a) *planen eller tiltaket, det berørte området og de problemstillingene som i den konkrete saken anses viktige for miljø og samfunn*
- b) *forholdene som etter kapittel 5 skal utredes, og hvilke metoder som er tenkt benyttet for å skaffe nødvendig kunnskap*
- c) *relevante og realistiske alternativer og hvordan disse skal vurderes i konsekvensutredningen*
- a) *plan- eller søknadsprosessen, med frister i prosessen, deltakere og plan for medvirkning fra særlig berørte grupper og andre.*

*Planprogrammet eller meldingen skal også inneholde kart over det berørte området.*

For meir informasjon om planarbeidet, sjå også planinitiativ og varslingsbrev i saka.

## 1.1 Forord

Framlegg til planprogram for detaljregulering for ATJ Holding AS er utarbeidd av Nordplan AS ved Siri Gausemel og Hanna Flesche Hellenes.

Ansvarleg styresmakt for handsaming og godkjenning av planprogrammet er Stad kommune, og detaljreguleringa vert politisk handsama i Stad kommune sitt kommunestyre.

Varsel om oppstart av planarbeid og offentleg ettersyn av planprogram er annonser i avis, samt på nettsida til Stad kommune. Det vert også sendt til aktuelle partar for uttale.

Eventuelle synspunkt, merknader og innspel til planarbeidet skal sendast til:

e-post [hfh@nordplan.no](mailto:hfh@nordplan.no)

eller til

**Nordplan**

**Eisgt. 45**

**6770 Nordfjordeid**

Eventuelle spørsmål kan rettast til Nordplan AS v/Hanna Flesche Hellenes på e-post over, eller mobil 932 91 101.

Fristen for å kome med merknader, innspel og kommentarar går fram av varslingsbrev.

## 1.2 Formål med planprogram og prosjektet

### 1.2.1 Planprogram

Formålet med planprogrammet er å:

- avgrense planoppgåva
- klargjere konsekvensar og problemstillingar
- avklare utgreiingsbehov i forhold til miljø og samfunn
- fastsette rammer og føringar for planarbeidet
- gje høve til tidleg medverknad

- sikre ei politisk forankring

### **1.2.2 Prosjektmål**

Føremålet med planarbeidet er å planlegge for utvikling av eit område på Bryggja, i hovudsak på gnr/bnr 172/67, 68, 78 og 79. Dei resterande eigedomane innanfor planområdet er inkludert med omsyn til eventuelle naudsynte trafikkgrep med tanke på avkøyrslle frå riksvegen.

Ein ynskjer å legge til rette for næring/turisme i samverknad med jordbruk og fritidsbustader. Det er også aktuelt å opne for noko forretning/kontor/bustader i øvre del av området. Det må samtidig utarbeidast ein overordna plan for framføring av infrastruktur som veg, vatn, avlaup og straum. Det vil vere ein del av planarbeidet å vurdere omfanget av utvikling på dei ulike areala.

Utviklinga er meint å heve kvaliteten i området.

## **1.3 Rammer for planarbeidet**

### **1.3.1 Lovgrunnlag**

Heimlar for krav om planprogram er plan- og bygningslova § 4-1, og § 6 i forskrift om konsekvensutgreiing (FOR-2017-06-21-854). Ein ynskjer ein arealbruk som ikkje er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel.

I tillegg til plan- og bygningslova (pbl) og forskrift om konsekvensutredning vil planforslaget måtte ta omsyn til sektorlover (for eksempel naturmangfaldslova og kulturminnelova) som har føresegner om disponering av areal og naturressursar.

### **1.3.2 Kommunale og regionale føringer**

Planarbeidet skal vise omsyn til følgjande føringer:

- Kommuneplan for Stad kommune, arealdel og samfunnsdel
- Kommunal planstrategi
- Strategisk næringsplan
- Risiko og sårbarheitsanalyse
- Kommunedelplan for energi og klima
- Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur i Sogn og Fjordane

### **1.3.3 Statlege retningslinjer**

Statlege planretningsliner og føresegner, samt regionale planar gjev rammevilkår for planlegging i kommunane. Sentrale dokument er mellom anna:

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 (14. mai 2019)
- Rikspolitisk retningslinje for å styrke barn og unges interesser i planleggingen
- Rikspolitisk retningslinje for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (2018)
- Rundskriv H5/18, Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling
- Meld. St. 18 (2015-2016) Friluftsliv. Natur som kilde til helse og livskvalitet
- Handlingsplan for friluftsliv T-1564
- Meld. St. 33 (2012 – 2013) Klimatilpasning i Norge
- Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold
- Meld. St. 18 (2016-2017) Berekraftige byar og sterke distrikt
- Meld. St. 45 (2016-2017) Avfall som ressurs – avfallspolitikk og sirkulær økonomi
- Meld. St. 19 (2016-2017) Opplev Norge - unikt og eventyrlig
- Meld. St. 5 (2019-2020) Levende lokalsamfunn for fremtiden – Distriktsmeldingen
- Meld. St. 16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold
- St.meld. nr. 29 (1996-1997) Regional planlegging og arealpolitikk
- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging, kgl. res. 14.5.19
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen, kr. pr.res. 4.9.09
- NVEs retningslinjer nr. 2/2011, Flaum og skredfare i arealplanar, revidert 22.05.14.

- Handlingsprogram 2020 Vestland Fylkeskommune
- Regional plan for folkehelse 2014-2025
- Strategi for kultur og reiseliv. Noreg som attraktiv turistdestinasjon (2019)
- Nasjonale miljømål fastsatt av Klima- og miljødepartementet
- FN's bærekraftsmål, implementert av medlemslanda 2015
- Mot et bærekraftig reiseliv – Veikart fra reiselivsnæringen i Norge (2017)

### **1.3.4 Krav til prosess**

Det skal utarbeidast ei detaljregulering. Vurdering av tiltak opp mot KU-forskrifta går fram av planinitiativet kap. 1.11. I oppstartsmøtet vart det klart at kommunen var eining i forslaget til dei tema som skal KU-vurderast.

## **1.4 Organisering av planprosess**

### **1.4.1 Arbeidsopplegg**

Detaljreguleringa vil bli utarbeidd i samarbeid med oppdragsgjevar ATJ Holding AS og Stad kommune. Det er gjennomført oppstartsmøte i samband med planprogrammet og ein legg opp til å halde jamn dialog gjennom planarbeidet.

Planprogram og høringsforslag av detaljplanen vil bli politisk forankra gjennom behandling i Utval for areal og eigedom i Stad kommune.

### **1.4.2 Medverknad og informasjon**

Krav til planprosess er fastsett i plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiingar. I arbeidet med detaljreguleringa er det ønskjeleg med medverknad frå ulike grupper som har interesse av planarbeidet.

Planprogrammet blir lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Private og offentlege partar og interesserantar blir tilskrivne og invitert til å kome med innspel og synspunkt knytt til planarbeidet.

Planprogrammet blir kunngjort i avisa og på nettsidene til Stad kommune og Nordplan AS.

Det er gjennomført innleiande møte med grunneigar ved butikken, m.a. vedrørande eventuell tilpassing ved riksveg. Ut over dette er naboar og gjenbuarar informerte gjennom varslingsbrev og planinitiativ.

Samarbeidet med offentlege instansar vil primært skje gjennom dialog og innspel i samband med høringer.

### **1.4.3 Framdriftsplan**

Tabellen under gir ei oversikt over berekna framdrift i arbeidet. Behandlingstidspunkt i kommunen avheng av saksmengd og møteplanar.

Fasar i planarbeidet – gjennomført og planlagt	Samarbeid og medverknad	Behandling	Framdrift
Oppstartsmøte med Stad kommune	Kommunen og Nordplan		04.03.2021
Utarbeiding av forslag til planprogram	Kommune, fylke, utbyggjar	Nordplan AS	Februar 2023
Kunngjering oppstart av planarbeid	Kunngjering og brev til partar	Nordplan AS og Stad kommune	Februar 2023
Høyring av forslag til planprogram	Kunngjering	Nordplan AS og Stad kommune	April 2023


Fastsetting av planprogram	Kunngjering	Stad kommune Utval for areal og eigedom	April/Mai 2023
Utarbeidning av detaljreguleringsplan, KU	Grunneigarar, utbyggjar, offentlege og private partar	Nordplan AS og Stad kommune	April/Mai – Sept. 2023
Offentleg ettersyn detaljreguleringsplan	Kunngjering	Nordplan AS og Stad kommune	Sept. 2023
Behandling av merknader	Stad Kommune og Nordplan AS	Nordplan AS og Stad kommune	Okt. 2023
Revidering av plankart og planomtale. Eventuelt nytt offentleg ettersyn	Stad Kommune og Nordplan AS	Nordplan AS og Stad kommune	Okt. 2023
Vedtak av detaljreguleringsplan		Stad kommune	Nov./Des. 2023
Kunngjering av plan vedtak	Kunngjering	Stad kommune	Des. 2023

## 2 Overordna planar og føringar

### 2.1 Lokalisering av planområdet

#### Lokalisering


Planområdet «Bykset» ligg i tilknyting til Nordfjorden ca. 1,5 km frå sentrum på Bryggja i Stad kommune, like ved butikken. Avstanden til kommunenesenteret Nordfjordeid er om lag 29 km i luftlinje.



#### Plangrense

Planområdet ligg på Bryggja i Stad kommune. Planområdet har eit samla areal på om lag 30,5 daa.


Ein legg opp til eit utvida planområde, samanlikna med plangrensa føreslått i oppstartsmøtet. Bakgrunnen for utvidinga er omsynet til tilkomst frå riksvegen, og eventuelle naudsynt trafikkgrep som må gjerast i den samanheng. Dersom Statens Vegvesen ynskjer nye klare føringar for avkjørsla, er det naudsynt å sjå på vegane i ein større samanheng. Planområdet har derfor blitt utvida ein god del mot vest med mål om å regulere til det same som i eksisterande reguleringsplan for dette området, men med eventuelle justerte veglinjer. Planområdet vil bli redusert når ein kjenner meir til korleis tilkomsten frå riksvegen skal løysast.



## 2.2 Grunnlag for detaljreguleringsplanen

### 2.2.1 Arealplanar

#### Kommuneplanen sin arealdel




I kommuneplanen sin arealdel for Bryggja ligg området hovudsakleg som LNF, med eit mindre areal N7 avsett til naust. For dette arealet ligg det føre dispensasjon for oppføring av ein fritidsbustad. Ettersom planframleggget vil vere i strid med gjeldande plan på enkelte område har vi lagt til grunn at det må utarbeidast planprogram og konsekvensutgreiing.

#### Reguleringsplanar


##### Nore fjordsenter, Plan ID 2005001, i kraft 22.06.06

I vest grensar planområdet til ein reguleringsplan frå 2006. Ein ynskjer i utgangspunktet ikkje å kome bort i dette planområdet. Som ein ser av utklippet under, tek ein likevel høgde for at det kan kome krav om tilpassingar ved avkjøring frå riksveg.



Detaljregulering – Kommunalt bustadfelt på Bryggja, Plan ID 2021001, pågående

Det er ein pågående detaljreguleringsprosess for eit kommunalt bustadfelt på Bryggja, nord for planområdet. Utklippet under viser planavgrensinga for bustadfeltet i raudt.




## 3 Dagens situasjon

### 3.1 Eksisterande bruk av planområdet

Planområdet er i hovudsak eige av ATJ Holding AS og v/Arild Solibakke. Langs vegen ligg parkeringsareal, daglegvarebutikk og bensinstasjon, også deler av eigedomane her, 172/1, 33 og 71 er inkludert. Planavgrensinga har blitt utvida ein god del mot vest og litt i aust før varsel om oppstart i høve eventuelle endringar med tanke på tilkomst frå riksvegen.

Planområdet er i dag nytta delvis som tilleggsjord til ein gard. På gnr/bnr 172/67 er to hyttetomter (172/78 og 79) allereie frådelt, i tillegg til arealoverføring til gnr/bnr 172/33 av ein parsell til parkeringsplass. Det er også ein godkjent byggesøknad for ei hytte lenger sør i planområdet på gnr/bnr 172/68.

Det ligg føre dispensasjon for å bygge ein fritidsbustad på området som er regulert til naust i kommuneplanen sin arealdel. Langs sjøen er området registrert i markslagskartet med lauvskog av høg bonitet. Landbruksområdet i midten er nyleg selv som tilleggsjord, og er registrert som fulldyrka jord i markslagskartet. I kartlaget «jordbruk» ligg området som «ute av drift».



Tidlegare utkast av plangrense vist i Fylkesatlas.no, med kartlaget «markslag» aktivt, planavgrensning med mørk grøn.

Sjå også vedlagt presentasjon, som gjev eit meir utfyllande inntrykk av situasjonen i dag og dei tankane som ein arbeider ut i frå for vidare utvikling.

## 3.2 Landskap og topografi

Landskapet innanfor planområdet hallar jamnt og roleg frå parkeringsplassen ved Riksvegen og Bunnpris, ned til Nordfjorden. Høgdedrag på begge sider gjer at det er forma ein liten dal med opning sør/søraust. Området er del av landskapsregionen «Ytre fjordbygder på Vestlandet og i Trøndelag» -og ligg i underregionen «Hornelen».

## 3.3 Naturmangfold

Ein skal sikre at naturen med sitt biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosessar vert teken vare på ved berekraftig bruk og vern, men òg slik at den gjev grunnlag for menneskeleg verksemd, kultur, helse og trivsel, no og i framtida.

Det er ikkje registrert naturtypar eller førekommstar i planområdet som tilseier at ønska bruk vil medføre brot på denne føringa.

### 3.3.1 Friluftslivstrandzone

Deler av planområdet ligg innafor 100m beltet langs sjø. Ein kjenner ikkje til at området er brukt av andre enn grunneigar. Strandlinja i området framstår i dag noko omarbeidd og lite tilgjengeleg. Ein ynskjer gjennom tiltaket å aktivisere forholdet til fjorden.

Stad kommune gjennomførte ei registrering av friluftsliv i 2020, det er ikkje registrert område av særskilt verdi innanfor planområdet, nærmeste lokalitet er sjøområdet i Maurstadsvika, «Bryggja sjøområde», som er registrert som viktig friluftslivsområde, med områdetypen «Strandsone med tilhørende sjø og vassdrag».

## 3.4 Kulturminne og kulturmiljø

Det er to registreringar nær planområdet, eit SEFRAK registrert bygg i tunet på Bykset, like aust for plangrensa, og ein større lokalitet på stranda som ligg til Nore feriesenter nord for planområdet.

Ein har ingen konkrete indikasjonar for at det ligg føre særskilt interessante faktorar innanfor plangrensa, det er heller ikkje slik at planlagd utvikling vil vere i konflikt med dei to registreringane.

## 4 Framtidig bruk

### 4.1 Reguleringsformål

Følgjande formål kan vere aktuelle i det vidare reguleringsarbeidet, lista er ikkje endeleg avklara og dermed ikkje uttømmande:

#### 12-5 nr.1 Bygningar og anlegg

- Bustader (1110)
- Utleigehytter (1171)
- Fritids og turistformål (1170)
- Fritidsbustader (1120)

#### 12-5 nr.2 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

- Køyreveg, SKV (2011)
- Gang- og sykkelveg (2015)
- Annan veggrunn - grøntareal, SVG (2019)
- Molo (2044)

#### 12-5 nr.3 Grøntstruktur

- Naturområde (3020)

#### 12-5 nr.5 Landbruks-, natur- og friluftsliv og friluftsformål og reindrift

- LNFR areal for naudsynt tiltak for landbruk, L (5100)
- Friluftsformål, LF (5130)

#### 12-6 Omsynssoner

- Frisiktsone (H140)
- Støysone (H210, H220)
- Faresone –Flaumfare, (H320)

### 4.2 Tankar for utviklinga

I denne saka vert kvalitet og berekraft veklagt ekstra mykje. Det er gjennomført eit forarbeid der Nordplan i samarbeid med tiltakshavar har utarbeidd skisser for korleis ei ynskjer å utvikle området. Presentasjon av forprosjektet ligg ved, og utklipp frå arbeidet er vist under.

## FOKUS PÅ MILJØ OG BÆREKRAFT

### Selvforsynt på elektrisitet

- Solceller
- Fjordvarme

### Miljøvennlige og kortreiset materialer

- Krysslaminert tre (CLT)
- Skifer/naturmaterialer
- Lokale produsenter

### Lite fotavtrykk

- Små hytter som tilpasses terrenget
- Hengekøyeovernatting (?)

### Miljøvennlige alternativ

- Elektriske båter
- Kajakkutlån
- Ladeplasser for elbiler



Over og under: Utklipp fra «Presentasjon -Landskapshotell/hytteutleie Bryggja». ATJ Holding AS v/Arlid Solibakke og Nordplan.



Skissene over gjev ein indikasjon for korleis ein tenkjer å utforme tiltak ved sjøen. Det er samtidig tankar om å skape opplevingar i området. Gjerne gjennom aktivitet som kan skape tilskot i form av t.d. parsellhage, frukthage, bærbusker eller liknande på jordbruksarealet. Planarbeidet skal sjå på rettleiaren «Garden som ressurs» i samband med bruk av jordbruksarealet.

Utviklinga i sona mellom «frukthagen» og etablerte butikk og parkeringsfunksjonar er minst forma per no. Det kan vere aktuelt å legge fellesfunksjonar som garderobe/toalett i dette området. Ein ønskar også å sette av areal her til næring/kontor/bustad. På gnr/bnr 172/67 er to hyttetomter (172/78 og 79) allereie frådelt, i tillegg til arealoverføring til gnr/bnr 172/33 av ein parsell til parkeringsplass. Det er også ein godkjent byggesøknad for ei hytte lenger sør i planområdet på gnr/bnr 172/68.

Sjå også vedlagd presentasjon, som gjev eit meir utfyllande inntrykk av dei tankane som ein arbeider ut i frå for vidare utvikling.



Utklipp frå «Presentasjon «Landskapshotell/hytteutleie Bryggja». ATJ Holding AS v/Arild Solbakke og Nordplan.

## 5 Konsekvensar for miljø og samfunn

### 5.1 Metode og omfang

#### 5.1.1 Metode

Konsekvensutgreiinga skal gjennomførast i tråd med føringar gitt i “Forskrift om konsekvensutgreiingar” av 21.06.2017.

Konsekvensutgreiinga skal utarbeidast i tråd med Kommunal- og distriktsdepartementet sin rettleiar Konsekvensutgreiinger for planer etter plan- og bygningsloven (2021), Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 Konsekvensutgreiinger for klima og miljø og Statens vegvesen si handbok V712 Konsekvensanalyser (2021). Vurdering av verdi, påverknad og konsekvens utførast med utgangspunkt i tabellar henta frå rettleiar M-1941 og handbok V712. Planforslaget skal vurderast opp mot eit o-alternativ, som er eit mål på den mest realistiske utviklinga i planområdet dersom tiltaka i planforslaget ikkje gjennomførast. Vurderinga tek utgangspunkt i dagens miljøtilstand i området, samt dei føringar som ligg i vedteke reguleringsplanar i området og tiltak.

Aktuelle avbøtande tiltak og/eller trøng for oppfølgjande undersøkingar vert gjort greie for i dei enkelte tema og i samanstilling av konsekvens.

Ettersom det ikkje er identifiserte store og komplekse utgreiingsbehov i saka vil ein forenkle denne metodikken noko. Målsetjinga er å identifisere uakseptable konsekvensar og finne tiltak for å dempe/oppheve desse.

På grunnlag av det som er kome fram i KU vil planframlegget kome med ei tilråding for korleis ei mogeleg utbygging kan skje.

Følgande tema vert utgreidd

Alltid:

- ROS-analyse
- Naturmangfold

I tillegg:

- Friluftsliv/strandsone, Forholdet til forvaltning av 100m beltet langs sjø må drøftast nærmare.
- Landskap

Konsekvensutgreiinga skal bygge på eksisterande fagleg kunnskap og om nødvending innhenting av nye data eventuelt oppdatering av eksisterande.

I følgje KU-forskrifta skal planar etter KU-forskrifta gjere greie for vurderte alternativ og i naudsynt grad omfatte utgreiing av relevante og realistiske alternativ, medrekna alternativ lokalisering. Tiltrådd alternativ skal grunngjevast. I denne saka vert berre eitt alternativ utgreidd.

#### 5.1.2 Omfang

I denne saka er omfanget av vurderingane svært avgrensa. I den grad det blir utarbeidd delrapportar for enkelte tema, skal konklusjon/samandrag innarbeidast i planomtalen.

### 5.2 Aktuelle tema for det vidare planarbeidet

#### 5.2.1 Landskap

Landskapet sin karakter og planframlegget sin visuelle innverknad på landskapet skal synleggjera i konsekvensutgreiinga. Verknadar for nabobar/busetnad og nærområde skal skildrast i konsekvensutgreiinga. Det vil bli utarbeidd skisser som syner planlagt plassering i terrenget og som blir bakgrunn for fastsetting av byggegrensene for kvart enkelt framtidige bygg/tiltak. Verknad for landskap vil bli dokumentert i konsekvensvurderinga.

### **5.2.2 Friluftsliv-strandsone**

Det skal i konsekvensvurderinga gjerast greie for kva verknader planlagt utbygging vil kunne få for friluftsliv, både positivt og negativt.

Eit av formåla i planarbeidet er tilrettelegging for friluftsaktivitetar knytt til området og regionen.

### **5.2.3 Naturmangfald**

Detaljreguleringsplanar skal alltid vurderast opp mot naturmangfaldlova. Dette blir del av konsekvensvurderinga. Det er ikkje gjort registreringar av truga eller sårbare artar i området. Delar av det omsøkte arealet ligg i nærleiken av Maurstadelva, som er habitat for elvemusling. Terrengform og plassering nær utløpet gjer at det ikkje er fare for at tiltak i planområdet får innverknad for denne funksjonen.

### **5.2.4 Andre utgreiinger**

#### **Tilkomst og infrastruktur**

Planområdet er lokalisert sør for riksveg 15, Nordfjordvegen, som går mellom Stryn og Måløy. Vegen har en ÅDT på 1750, der av 13% er lange køyretøy (data frå Statens vegvesen 2019). Det er etablert tilkomst til området frå Rv15, på dette punktet er det også tilkomst til m.a. Nore feriesenter og to bustadhús. Planarbeidet skal vurdere trafikkauke og sjå dette i forhold til eksisterande løysing. For dette arbeidet vert Statens Vegvesen si handbok V 713 lagt til grunn. Dette vert eit tema i planomtalen.

#### **Universell utforming**

Planomtalen skal omtale og sikre universell utforming.

#### **Landbruk**

Planomtalen må skildre kva jordbruksarealet skal nyttast til og sikre matjord ved ein eventuell utbygging av jordbruksareal.

#### **Barn og unge sine interesser**

Det er ikkje kjend bruk innanfor planområdet. Den foreløpige vurderinga er at tiltaket vil ha svært avgrensa, men positiv verknad for barn og unge, dette vil ein handsame nærmare i planomtalen.

#### **Kulturminne/kulturmiljø**

Kommunen har i oppstartsmøtet vurdert at området må kartleggast da det er registreringar av kulturminne og kulturmiljø i nærleik til planområdet. Etterspør at fylkeskommunen gjer ei vurdering av potensiale for funn.

### **5.2.5 Risiko- og sårbarheit**

Det skal utarbeidast ei generell ROS-analyse for arealbruk i tråd med direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) sin rettleiar og sjekkliste til fylkesmannen.

Potensiell fare er vurdert gjennom analyseskjema under. Sjekklista vert i denne fasen brukt som ei siling, for å identifisere tema som vil få særskilt fokus i det vidare planarbeidet. Sjekklista er oppdatert etter oppstartsmøtet med kommunen.

Tenkjelege hendingar, risikovurdering og moglege tiltak vert sidan samanfatta i ein risikomatrise, og det vert laga ei oppsummering som viser identifiserte tiltak, og korleis desse er sikra gjennom plandokumenta. Alle punkt i sjekklista vert vurdert. (Risiko = Sannsyn x Konsekvens). Sjekklista sine punkt skal omfatte både hendingar som er aktuelle i no-situasjon og som er konsekvensar av å gjennomføre planen.

**Førebels ROS-skjema**

Uønska hending	ANALYSE						Kjelde	
	Kons. før	Kons. av	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/ Tiltak		
<b>Sjekkliste:</b>								
<b>Natur- og miljøforhold</b>								
<b>Ras/skred/flom/brann</b>								
1. Steinsprang	N	N				Ikkje relevant	Fylkesatlas <a href="#">Kartdata frå NVE</a>	
2. Masseutgl/ leirskred/jordskred/flau m-skred/kvikkleire	J	J				<p>Store delar av planområdet er under marin grense. Delen av planområdet under marin grense består av fast fjell eller kjend masse. Sjå dei vedlagte rapportane <i>Vurdering av byggegrunn på Indre Nore, g.nr. 127, B.nr. 67 i Stad kommune</i> utført i samband med frådelingssaka for parkeringsplassen for vurderingar og konklusjon angåande grunnforhold.</p> <p>Ønsker ein tilsvarende vurdering frå NVE om dei utførte grunnundersøkingane svarar ut problemstillinga tilstrekkeleg.</p> <p>Tilsvarande må det gjerast ein vurdering av behovet for grunnundersøkingar i sjø i høve molo.</p>	Fylkesatlas  Vurdering av byggegrunn på Indre Nore, g.nr. 127, B.nr. 67 i Stad kommune (GEO Breiteig AS) og (Hole Geo AS)	
3. Snøskred	N	N				Ikkje relevant	Fylkesatlas	
4. Dambrot	N	N				Ikkje relevant	Fylkesatlas	
5. Elveflaum/ tidevassflaum/ stormflo	N	J				Ein vil gjere ei nærmare vurdering for å sikre trygg byggehøgde.	Fylkesatlas Referat frå oppstartsmøtet	
6. Overflatevatn/ klimaendr. Nedbørutsett	J	J				Alltid nærmare vurdering i planarbeidet.	Fylkesatlas og terrengform	

ANALYSE							
<b>Uønska hending</b>	Kons. før	Kons. av	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/ Tiltak	Kjelde
7. Skogbrann (større/farlig)	N	N				Ikkje relevant	
8. Brann/sløkkevatn/tilkomst for brannbil	N	N				Konsultere brannsjefen, legg til grunn at dette vert løyst gjennom ny infrastruktur	
<b>Vær, vindekspонering</b>							
9. Vindutsette område(Ekstremvær, storm og orkan)	N	N				Ikkje relevant	
<b>Menneskeskapte forhold</b>							
<b>Risikofylt industri mm.</b>							
10. Kjemikalie/ petroleum/ eksplosiv (kjemikalieutslepp på land og sjø)	N	N				Ikkje relevant	Lokalisering og bruk
11. Avfall (ulovleg plassering/ deponering/ spredning farlig avfall)	N	N				Ikkje relevant	Lokalisering – kjend historikk på arealbruken
<b>Strategiske område</b>							
12. Brot i transportnett, veg, bru, knutepunkt	N	N				Ikkje relevant	
13. Forsyning kraft/ elektrisitet (Samanbrot i kraftforsyning)	N	N				Ikkje relevant	
14. Svikt i fjernvarme	N	N				Ikkje relevant	
15. Vassforsyning (Svikt/ureining av drikkevassf.)	N	N				Ikkje relevant	
16. Avlaup-systemet (Svikt eller brot)	N	N				Ikkje relevant	
17. Terror/sabotasje/ skadeverk. Vold/ran og gisselsituasjon (eller trugsmål om)	N	N				Ikkje relevant	
18. Tele/ Kommunikasjons samband (samanbrot)	N	N				Ikkje relevant	
19. Brann (med større konsekvensar)	N	N				Ikkje relevant	
20. Samanrasing av bygning/ konstruksjonar	N	N				Ikkje relevant	
<b>Andre ureiningskjelder</b>							
21. Bustadureining	N	N				Ikkje relevant	
22. Landbruksureining	N	N				Ikkje relevant	
23. Akutt ureining	N	N				Ikkje relevant	

ANALYSE							
Uønska hending	Kons. før	Kons. av	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/ Tiltak	Kjelde
24. Støv og støy; industri	N	N				Ikkje relevant	
25. Støv og støy; trafikk	N	N				Støysone langs riksveg vil ikkje kome i konflikt med ønska utbygging.	
26. Støy; andre kjelder	N	N				Ikkje relevant	
27. Ureining i sjø/vassdrag	N	N				Ikkje særskilte problemstillingar	
28. Ureining i grunn	N	N				Ikkje registrert område med mistanke om ureina grunn.	Fylkesatlas og kjennskap til bruken av området
29. Radongass	N	N					<a href="http://geo.ngu.no/kart/radon/">http://geo.ngu.no/kart/radon/</a>
30. Høgspentline	N	N				Ikkje relevant	
<b>Trafikktryggleik</b>							
31. Ulykke med farlig gods	N	N				Ikkje relevant	
32. Ulukke ved inn-, og utkjøring.	N	J				Trafikkauke ved riksvegkryss må vurderast nærmere.	
33. Ulukke med gåande/syklande	N	N				Liten lokaltrafikk og oversiktlege trafikkpunkt. Gode høye til å knyte seg til etablert gangveg til skule m.m.	
34. Vær/føre avgrensar tilkomst til området	N	N				Ikkje relevant	

### Overflatevatn

Som ein del av planarbeidet vert det gjort overordna vurderingar for å sikre tilfredsstillande løysingar for overflatevatn. Dette vert levert av Nordplan.

### Grunnforhold

Store deler av planområdet er under marin grense. Det føreligg to rapportar for grunnundersøkingar. Desse er vedlagt saka. Etterspør at NVE gjer ein vurdering av om undersøkingane er tilstrekkelege for området.

Det må også gjerast ein vurdering av behovet for grunnundersøkingar i sjø i høve molo.

### Havnivå/stormflo

Det vil vere ein del av planarbeidet å identifisere sikker byggehøgde og utforme løysingar og føringer som sikrar at stigande havnivå og stormflo-problematikk ikkje skal verte eit problem.

### Trafikk

Som ein del av planarbeidet vert det utført ein trafikkanalyse med framtidig trafikkauke estimert, i lag med tilkomst frå Riksveg. Etterspør klare føringer frå Statens vegvesen for avkøyrslle til planområdet.

## 6 Utgreiingsprogram

Det skal utarbeidast planomtale, plankart og føresegner i samsvar med krav i plan- og bygningslova.

Arbeidsopplegg og medverknad skal skje i tråd med opplegget som er skissert under punkt 1.4. Planavgrensing, framtidig bruk og aktuelle reguleringsformål går fram av kapittel 4.

### 6.1 Utgreiingsbehov

Utgreiingsbehovet går fram av kapittel 5. Vidare følger ei samanstilling av moglege konsekvensar og utgreiingsbehov. Desse er skjematiske framstilt i tabellen på dei neste sidene, for å gi ei samla oversikt etter gjennomgang av eksisterande situasjon og ønska tiltak.

Tema	Datakjelder	Mogleg omfang/innverknad	Utgreiingsbehov
<b>Landskap</b> KU	Synfaring.  Flyfoto, illustrasjonar/snitt.	Vurdere kor store endringar tiltaket er antatt å representere for landskapet i det berørte området, synlegheit og fjernverknad. Avbøtande tiltak skal vurderast, og tilrådast dersom det er fagleg grunnlag for dette.	Visuell framstilling av planlagde tiltak skal gå fram av planomtalen. Vidare skal verknad for landskap greiest ut.
<b>Friluftsliv</b> KU	Synfaring, informasjon frå offentlege instansar, kommunen og organisasjonar.	Friluftsområde/ strandsone vert endra	Vurderast på bakgrunn av kjend kunnskap.
<b>Naturmangfold</b> KU	Naturbasen til Miljødirektoratet. Miljøstatus Norge. Naturmangfaldlova. Innhenting av fagkunnig biolog. Fylkesatlas.	Karplanter, naturtype rik edellauvskog, villreinområde, landskapsregionar, verneplan for vassdrag.	Kjend kunnskap
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b> Planomtale	Askeladden.no	Foreløpig ingen konflikt.	Vert vurdert av kulturavd ved annonsert planprogram.
<b>Naturressursar</b> Planomtale	Synfaring, Informasjon frå offentlege instansar, kommunen og organisasjonar.	Lite relevant.	Vurderast på bakgrunn av kjend kunnskap.
<b>Tilkomst og infrastruktur</b> Planomtale	Vegkart, SVV handbok N100	Sjå på løysingar knytt til trafikkauke, parkering og vegtilkomst, kapasiteten i kryss ved rv.15.	Kapasitetsvurdering.
<b>Samfunnkonsekvensar</b> Planomtale	Ringverknader av planframleggjet.	Mindre relevant	Samanstilling av kjent kunnskap, og innspel frå aktørar.

	Samanstilling av kjent kunnskap, og innspel frå aktørar.		
<b>Universell utforming</b> Planomtale		Planomtalen skal omtale og sikre universell utforming.	Vurderast på bakgrunn av kjend kunnskap.
<b>Born og unge sine interesser</b> Planomtale		Born og unge sin bruk av området.	Vurderast på bakgrunn av kjend kunnskap.
<b>Risiko og sårbarheit</b> Planomtale	Kommunal ROS-analyse. DSB sin rettleiar NVE/NGI Skrednett Fylkesatlas Miljødirektoratet Met.no Artsdatabanken Naturbase		Det skal utarbeidast ROS-analyse, i samsvar med DSB sin rettleiar. Det er ikkje planlagt å hente inn spesialkompetanse knytt til noko ROS-tema på dette tidspunktet.